

---

Saksnr: 2019/99-4  
Saksbehandlar: Gudrun Einbu

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		14.10.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

**Evaluering av sommaren 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd**

## Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek evalueringa av sommarsesongen 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd til orientering. Sommarsesongen 2020 gir ikkje grunnlag for å vurdere behov for eit styrka sommartilbod i åra som kjem.

## Samandrag

Det er gjennomført ei evaluering av sommarsesongen 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd for å vurdere behov for å gjennomføre ei prøveordning med to ferjer sommaren 2021. Covid-19 og smitteverntiltak knytt til dette har sett preg på sommarsesongen for ferjesambanda i 2020, og fjordane på Vestlandet er særleg hardt råka av bortfall av trafikk.

Sommarsesongen 2020 gir ikkje grunnlag for å vurdere behov for eit styrka sommartilbod i åra som kjem. Førebels vurdering tilseier at det er god kapasitet i sambandet. Det er vurdert som naudsynt å ha gjennomført minst ein «normalsesong» før ein igjen kan sjå på behovet for ei mogleg løysing med to ferjer i sambandet sommarstid. I kva grad etterspurnaden vil ta seg opp sommaren 2021 er per no uklart og avhengig av utviklinga i smittesituasjonen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet fatta i møte 30.01.2020 (PS 6/20) fylgjande vedtak i sak om utgreiing av toferjeløysing på sambandet Jondal - Tørvikbygd i sommarmånadene:

*1. Effektive og sikre transportårer er viktig for utvikling av Vestland. Ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd har hatt ein stor trafikkauke etter opninga av Jondalstunnelen, sjølv med dagens timefrekvens på sambandet.*

*2. Fylkesutvalet ber om at det vert gjennomført ei evaluering av sommarsesongen 2020 for å sjå korleis nytt ferjeanbod fungerer. På bakgrunn av denne evalueringa vil fylkeskommunen vurdere å gjennomføra ei prøveordning med to ferjer sommarsesongen 2021. Tiltaket må eventuelt vere ein del av budsjettarbeidet for 2021.*

Vedtakskompetanse

Bestilling av evalueringa er vedteke i fylkesutvalet. Saka er vurdert handsama i fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet, punkt 2.1.7: Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant, dersom fylkesrådmannen si tilråding blir vedteke. Vedtak om toferjeløysing sommaren 2021 vil krevje midlar i budsjettet.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Covid-19 og smitteverntiltak knytt til dette har sett preg på sommarsesongen for ferjesambanda i 2020. Utanlandske reisande har i stor grad ikkje reist i Norge i år, men har til ein viss grad blitt erstatta med auka trafikk frå heimemarknaden (Norge). Spesielt fjordane på Vestlandet har blitt svært hardt råka, sidan desse områda er særleg etterspurt av utanlandske turistar. Trafikken denne sommaren ber preg av denne situasjonen og evalueringa vil dermed ta utgangspunkt i ein spesiell, og truleg unntaksvis dårleg sesong.

Ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd er betjent av ei ny bilferje «Samlafjord» med 130 personbilplassar (PBP). Det er Fjord1 som opererer denne elferja, som vart sett i drift tidleg på året. Det blir gjennomført 36 turar kvar dag måndag til fredag og 32 turar laurdagar og søndagar. Som følge av trong for ladetid for ferja er dette ein reduksjon med to turar dagleg samanlikna med fjoråret. Opningstida er i stor grad er uendra; måndag-fredag frå kl. 0520 (frå Jondal) til 2300 (frå Tørvikbygd). Sjølve tilbodet målt i samla kapasitet er likevel auka på grunn av bruk av større ferje i sambandet samanlikna med fjoråret.

Ferjetilbodet var redusert i juni månad, da sambandet var heilt innstilt i 13 dagar på grunn av ombygging av Tørvikbygd ferjekai. Trafikken i denne perioden flytta seg i hovudsak til ferjesambandet Gjermundshamn - Årsnes.

I juli og august har leveransen vore svært god, og alle planlagde turar er gjennomført.

Ferjestatistikken viser ein samla trafikknedgang samanlikna med fjoråret:

	Tal køyretøy				Tal gjenstående køyretøy			
	2020	2019	Endring i tal	Endring i %	2020	2019	Endring i tal	Endring i %
Juni	14 994	27 630	- 12 636	-45,7 %	63	103	-40	-38,8 %
Juli	36 199	35 675	524	1,5 %	19	287	-268	-93,4 %
August	27 297	30 039	- 2 742	-9,1 %	28	187	-159	-85,0 %
Totalt	78 490	93 344	- 14 854	-15,9 %	110	577	-467	-80,9 %

  

	Tal køyretøy				Tal gjenstående køyretøy			
	2020	2019	Endring i tal	Endring i %	2020	2019	Endring i tal	Endring i %
Juli	36 199	35 675	524	1,5 %	19	287	-268	-93,4 %
August	27 297	30 039	- 2 742	-9,1 %	28	187	-159	-85,0 %
Totalt	63 496	65 714	- 2 218	-3,4 %	47	474	-427	-90,1 %

Sommarmånadene samla sett viser ein trafikkreduksjon på 15,9 %. Sidan det i juni måned i år var eit redusert tilbod i sambandet, er samanlikningsperioden juli og august måned. For desse to månadene var trafikkreduksjonen 3,4 %, der det omtrent ikkje var gjenstående køyretøy. I dei tilfella det var gjenstående køyretøy, var årsaka ikkje kapasitetsutfordring på ferja, men transport av farleg last. I slike tilfelle er det ikkje andre bilar enn køyretøyet som fraktar farleg last som får vere med avgangen.

Tilbodet målt i personbilplassar (PBP) var samla 610.480 i juli og august, mens etterspurnaden målt i personbileiningar (PBE) var samla 93.212. Graden av utnytting av tilbodet har for desse to månadene dermed vore 15 %. Utnyttingsgraden varierer sjølvstø over dagen, men talet på gjenstående køyretøy viser i praksis om det er kapasitetsutfordring i sambandet.

#### Konklusjon

Sommarsesongen 2020 gir ikkje grunnlag for å vurdere behov for eit styrka sommartilbod i åra som kjem. Førrebels vurdering tilseier at det er god kapasitet i sambandet. Det er vurdert som naudsynt å ha gjennomført minst ein «normalsesong» før ein igjen kan sjå på behovet for ei mogleg løysing med to ferjer i sambandet sommarstid. I kva grad etterspurnaden vil ta seg opp sommaren 2021 er per no uklart og avhengig av utviklinga i smittesituasjonen.